
Saksnr: 2020/35781-4
Saksbehandlar Bente Utne
Dato: 15.09.2020

Til: Kontrollutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Status Hosanger sentrum - medio september 2020

Fylkesrådmannen viser til vedtak PS 63/2020 i kontrollutvalet 15.06.2020:

<https://innsyn.vlfk.no/Innsyn/RegistryEntry/DocumentDetails/94813?SourceDatabase=>

Vedtak

1. Kontrollutvalet tar informasjonen frå fylkesrådmannen når det gjeld evaluering av omlegging av fv 567 gjennom Hosanger til orientering.
2. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen koma med ny skriftleg statusrapportering når det gjeld vidare oppfølging av det som gjeld gråsteinsmuren, til møte i utvalet 12.10.2020.
3. Den skriftlege rapporteringa vert å sende sekretariatet innan 21.09.2020

Her følgjer status den 15.09.2020:

Fylkesdirektør for infrastruktur og veg har den 02.09.2020 bedt seksjon Planlegging og utbygging (PU) følgja opp saka når det gjeld avklaring på eigedomsforhold, gjennomføring og kostnad. Det er også oversendt ein del historikk i saka til PU.

PU har vore i kontakt med Osterøy kommune.

Pr 15.09.2020 melder Planlegging og utbygging at dei har starta undersøkingar i saka.

Fylkesrådmannen vil melda tilbake til kontrollutvalet når tiltaket er ferdig.